

REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSUTVALET FOR NESFLATEN OPPVEKSTSENTER

Møtenummer: 1/2018

Dato: 27.02.18

Tidspunkt: 19.30

Stad: Bibliotek Nesflaten Oppvekstsenter

Til stades: Olav Lindseth, Aud Nora Kalbekkdalen, Lars Øystein Bakka, Vidar Austarå, Siri Austarå, Kjell Ove Vetrhus, Else Grete Eikemo, Tommy H. Espe, Anne Kjersti Sandal, Oddny Endresen, Henrik Halsne og Kristine Bøe Berge

Forfall: Torstein Mikal Bratland

Sak 01/2018 Godkjenning av innkalling og referat

- Godkjent utan merknadar.

Sak 02/2018 Konstituering av medlemma i samarbeidsutvalet

- Leiar: Olav Lindseth
- Skrivar: Kristine Bøe Berge
- Møteleiar: Kristine Bøe Berge

Sak 03/2018 Stoda i barnehagen/skulen frå januar 2018

- For våren 2018 er skulen dekkja inn med lærarar og fagarbeidar. Me nyttar oss av fagarbeidar i eitt fag på ungdomstrinnet. Det er ein kjent fagarbeidar som har følgd fag og elevar tidlegare.
- I barnehagen har ped.leiaren vår søkt permisjon. Ho vil få permisjon frå 12.03.18-28.02.19. Ingen kvalifiserte søkarar i fyrste utlysing. Tilset barne- og ungdomsarbeidar i ny utlysingsperiode. Mogleg senteret må konstituere fagarbeidar i stillinga dersom me ikkje får søkarar med formell kompetanse.
- Så langt ein ny søkar til barnehagen for hausten 2018. Søknadsfrist 1.mars.

Sak 04/2018 Evt. godkjenning av barnehagen sin årsplan

- Ingen merknadar.

Sak 05/2018 Evt. godkjenning av beredskapsplan for Nesflaten Oppvekstsenter

- Merknad tiltaksliste: politi og ambulanse rangert på telefonlista i nemnd rekkjefølgje. Set begge opp med pkt. 1. Nødetatane har likevel eit intern varslings- og kommunikasjonssystem, uavhengig av kven ein ringer.
- Nokre feil tlf.nr. Einingsleiar ordnar desse.

Sak 06/2018 Høyring vedk. ungdomstrinnet på Nesflaten Oppvekstsenter

Replikkar:

- Elevrådet viser til at det er 50/50 røyster for og imot flytting av ungdomstrinnet frå Nesflaten i 1.-7. trinn.
- På ungdomstrinnet vil fleirtale behalde ungdomsskulen slik det er i dag.
- Lærarane ser utfordringar med sosiale samansettingar og utfordringar med bruk av nokre pedagogiske undervisningsmetodar med ei lita elevgruppa. Ein av dei store ulempene viss ungdomsskulen vert flytta er at fagmiljøet både for dei tilsette og elevane vil bli dårlegare. Kan gå utover kvaliteten på undervisninga og rekruttering. Fordelane er større for å behalde ungdomstrinnet og konklusjonen er at dei ynskjer å behalde ungdomsskulen slik den er i dag når det visar seg at elevtalet vil stiga etter nokre år. Klubben (dei tilsette) på Nesflaten Oppvekstsenter skule sender inn eigen uttale til høyringa.
- Lærarane som er her i dag utfyller kvarandre. Klassane vert skadelidande om noko av lærarkompetansen forsvinn.
- Køyrelengda er utfordrande.
- Det har siste tida vist seg at dei fleste som flyttar til Nesflaten er folk som overtek gardsbruk.
- Rådmannen kalla inn til møte med 1.-6. trinn. Konklusjonen var at fleirtalet ønska å behalda skulen slik den er no, men sjå på mogleg samarbeid med ungdomstrinnet på Sand/Røldal. Reisetida utpeikar seg tydeleg, sjølv om det er ein erkjenning at 3 elevar ikkje er ideelt.
- Det vert halde ope foreldremøte i regi av SU/FAU. Fleirtalet ønsker å behalde skulen så lenge det er forsvarleg.
- Olav Lindseth innhenta oppdaterte tal på reiselengd frå Suldal Billag på eige initiativ. Dei nye tala er merkbar høigare enn dei tala som er lagt fram i saka.
- Grendeutvalet arrangerte også eit møte. Inntrykket er at det er ein klar overvekt om at det er ønskeleg at ein beheld ungdomstrinnet.
- Også individuelt for ungane; noko trivast i eit lite miljø, andre ikkje. Me må tenkja på bygda, samstundes skal me tenkja det beste for barna.
- Det er planlagt vedlikehald i tunnelane, noko som mest sannsynleg vil føra til ventetid og lenger reisetid til skulen.
- I framtida i Noreg vil me mangle lærarar, men har ikkje vore noko problem hittil. Ein kan ikkje ta dette problemet no når det ikkje er ei reell problemstilling. Ein må likevel tenkja gjennom det.
- Ønskeleg at SU og kommuneadministrasjon held ein dialog om kva som er forsvarleg drift av ungdomstrinnet på Nesflaten. Initiativet til ein eventuelt flytting bør kome frå foreldra.
- Nokre foreldre har uttalt at dei flyttar om ungdomstrinnet vert flytta. Nokre har og snakka om å få seg hybel medan ungane går på ungdomsskule ein annan stad.
- Saka kjem opp att og opp att. Fremjar dette lysten til å flytta til Nesflaten?

- Einstemmig frå elevråd og tilsette at ein ikkje ser på deling 2/3, 3/2, som eit alternativ. Vurderinga er at det vil bli vanskeleg å få innpass i elevmiljøet og oppretta gode relasjonar, både for elevar og lærarar. Dette var også tydeleg frå foreldra.
- Eit eventuelt samarbeid med andre ungdomsskular bør innehalde føringar for innhald og omfang.
- På sikt kan ungdomsrådet bidra inn med støtte/tiltak til sosiale arena og møtepunkt for ungdommane som er på Nesflaten, som eit positivt miljøtiltak for ungdommane i bygda.

Konklusjon:

Fleirtalet i SU meiner at ein skal behalde ungdomstrinnet på Nesflaten Oppvekstsenter slik det er i dag.

Sak 07/2018 Ymse

- Ingen saker.

Nesflaten, 28.02.2018

Kristine Bøe Berge, skrivar/einingsleiar